



## SAKSFRAMLEGG

--	--	--

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Oliver Gravermoen	FE-243, FA-D12	20/418

### PRIORITERING AV SPELEMIDLAR FOR LOKALE KULTURARENAER 2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune søker om spelemidlar for lokale kulturarenaer etter følgjande prioritettingsliste:

Prio.	Anleggsnr.	Anlegg	Søkjar	Søknadssum i kr.	Status
1	11111	Grendahuset Ljosheim	Husastyret	570 000	Påbegynt
2	76614	Dale folkebibliotek	Vaksdal kommune	1 500 000	Ferdig

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommune sender innan fristen 30.04.2023 ei liste over anlegg som kulturarenaer som kommunen ynskjer å søke spelemidlar for. Prosjekta på lista vert prioritert av Vaksdal kommune etter vedtak. Prosjekta er søkt om tidlegare år.

##### Bakgrunn for saka

Overskotet frå Norsk Tipping er avgjerande for finansiering av store delar av norske idretts- og aktivitetsarenaer. Medan 64% av overskotet frå tippe-/spelemidlar går til dette formålet, er 18% satt av til kulturformål. Tilskot til lokale kulturarena forvaltas av fylkeskommunane.

Midlane skal bidra til nybygg, ombygging eller modernisering av kulturbrygg som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Kommunal medfinansiering er ei føremon, og byggja skal innfri ei rekke krav ([anleggsregisteret](#)). Vestland fylkeskommune prioriterar lokale arenaer som t.d. grendehus, og fornya søknader som har fengje avslag grunna manglende rammer. Inntil ein tredel av dei godkjente prosjektkostnadane kan stettast med spelemidlar.

Føresegne til tilskotet krev ei politisk vedtatt prioritering:

2.8.5 Ligg det føre fleire søknadar frå ein kommune skal kommunen gjere ei politisk vedteken prioritering mellom søknadane. Kommunen sender brev via e-post til fylkeskommunen med oversyn over prioriteringa, saman med kopi av det politiske vedtaket, innan 30. april.

## **Formelt grunnlag**

Føresegner som publisert av Vestland fylkeskommune og vedlagt dette saksframlegget.

## **Vurdering og konsekvensar**

Vaksdal kommune søker midlar til to av dei same prosjekta som i fjar medan vi fekk den siste tildelinga for Dale kultursal i fjar. Talet på søknader om spelemidlar gjer at ikkje alle kan innvilgast og søknadar må gjentas og fornyast fleire gonger for å få tildelt spelemidlar. Søknaden for Dale folkebibliotek er fornya for fjerde gong, grendahuset for tredje gong.

Tiltaka ved Ljosheim er naudsynte for vidare drift og tiltaket er avhengig av offentleg finansiering. Husastyret ved grendahuset Ljosheim har lagt ned mykje dognadsarbeid og har sikra variert ekstern finansiering. Beløpet er auka noko sidan i fjar grunna fleire utfordringer ved byggjet og auka kostnadar.

Prioriteringa til kommunen vert stort sett fulgt av fylkeskommunen, og kan difor verta avgjerande for kven som får ei tildeling ved årets søknad. Kommunedirektøren føreslår følgjande prioritering:

Prio.	Anleggsnr.	Anlegg	Søkjær	Søknadssum i kr.	Status
<b>1</b>	11111	Grendahuset Ljosheim	Husastyret	570 000	Påbegynt
<b>2</b>	76614	Dale folkebibliotek	Vaksdal kommune	1 500 000	Ferdig

Administrasjonen sender søknaden innan fristen 30.04.2022.